

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



## Protokoll AU-møte 25.03.15

Protokoll: Møte i arbeidsutvalet  
Møtedato: 25.03.2015  
Tid: 13:30-15:00  
Møteleiar: Mona Hellesnes  
Møtestad: Telefonmøte  
Referent: Adelheid Nes

Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Kjell Hansen, Lars Olsen, Knut Arne Gurigard, Hans Erik Ringkjøb og Martin Smith-Sivertsen.  
Forfall: Trond Johansen

### **AU 01/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Møtet vart varsla gjennom Outlook 11. mars. Innkalling og sakliste vart sendt ut 18. mars og møtepapir vart sendt ut 24. mars.

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjende.*

### **AU 02/15 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 17. desember 2014**

*Vedtak: Møteboka for AU-møtet 8. oktober vart godkjent.*

### **AU 03/15 Status Ringeriksbanen**

Status for Ringeriksbanen vart gjennomgått:

Etatane sitt utgreiingsarbeid som vart igongsett våren 2014 er no ferdigstilt, og siste delrapport vart overlevert Samferdselsdepartementet 30. januar i år. Dermed er følgjande tre rapportar overlevert:

Delrapport 1, *Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss, Mulighet for felles korridor for jernbane og vei*, datert 13. juni 2014:

- Samordning av planprosessar for veg og bane, framdriftsplan.

Delrapport 2, *Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss*, Korridorvalg, datert 31. oktober 2014:

- Korridorvalg, tilrår å forkaste Åsa-linja.
- Revidert tidsplan som viser raskast mogleg framdrift. Viser at byggestart i 2018/19 er mogleg.

Delrapport 3, *Ringeriksbanen og E16 Skaret – Hønefoss*, Silingsrapport, datert 30. januar 2015:

- Jernbaneverkets og Statens vegvesens tilråding for felles trasé og stasjonar: Tilrår traséalternativ Helgelandsmoen: Stasjonar: Eksisterande stasjonsområde Hønefoss (IC), Tolpinrud (Bergensbanen), Sundvolden (IC), tilrettelegging for stopp ved Avtjerna. Stopp for Bergensbanen. Ytterlegare detaljering kjem i reguleringsplanarbeidet i samarbeid med kommunane. Prosess mot styresmakter på direktoratnivå for avklaring av verneinteresser er gjennomført. Dette er ein viktig premiss for rasks planprosess.
- Oppdatert kostnadsoverslag. Kostnadsramme for RRB åleine på vel 19 mrd. , tilsaman for veg og bane: 26 mrd.

Rapportane vart lagt ut på lokal høyring 11. februar med høyringsfrist 27. mars. Høyringsuttalane skal bearbeidast av etatane før dei vert oversendt departementet i slutten av april. Det er også igongsett KS1 som er venta å vere ferdig til sommaren. Regjeringa har signalisert at dei fattar sitt vedtak om vidare arbeid for Ringeriksbanen etter at KS1 er ferdig. Dette kan bety at vedtaket om vidare framdrift kjem midt oppi lokalvalkampen, og det seier seg sjølv kva for effekt dette kan ha.

Vi registrerer positive uttalar om Ringeriksbanen frå politisk hald. For eksempel vart Ringeriksbanen omtalt i svært positive ordelag på årets jernbaneforum av både statsråd og jernbanedirektøren, og også i andre fora blir Ringeriksbanen trekt fram som eit viktig prosjekt. I den nyleg framlagde perspektivmeldinga til Jernbaneverket er IC-utbygging rundt dei store byane trekt fram som den høgast prioriterte utbygginga av dei store prosjekta, og her ligg både Ringeriksbanen og Arna-Voss inne.

Slik vi vurderer situasjonen er det først og fremst følgjande forhold som må handterast i vårt arbeid i tida framover:

- Ringeriksbanen har sterk politisk støtte både i Storting og Regjering. Ringeriksbanen har også ved fleire høve blitt trekt fram som eit godt jernbaneprojekt av Elisabeth Enger og ligg inne som eit prioritert prosjekt i Jernbaneverkets perspektivmelding. Det er ikkje tvil om at prosjektet har sterk og brei støtte. Imidlertid viser den regulære kost-nytte berekninga negative samfunnsnytte, og i ein situasjon der svært store og omfattande infrastrukturprosjekt kjempar om investeringsmidlane, er det ein viss fare at dette blir brukt som påskudd for utsetjing av RRB (ref. signal frå Finansdept. samt NOU 2015:1 - Produktivitetskommisjonen) .

I denne situasjonen peikar det seg ut følgjande to hovudstrategiar for arbeidet vårt framover:

1. Følgje opp dei politiske lovnadene og bidra til sterkt politisk press
2. Bidra til å få fram eit breiare og meir realistisk bilete av samfunnsnyttan av Ringeriksbanen for å få fram den reelle nytten som grunnlag for beslutning.

Dersom vi nærmar oss val utan at beslutningen er fatta, er dette ein heilt spesiell situasjon som må handterast deretter.

*Vedtak: AU stiller seg bak vurderingane og dei strategiske føringane dette gir.*

## **AU 04/15 Status Arna-Voss**

Status for Arna-Voss vart gjennomgått i møtet:

KS1 for Arna-Voss vart lagt fram 8. januar i år. Nokre dagar etter vart rapporten omtalt som viss-vass av Ketil Solvik-Olsen frå ein talarstol i Bergen. KS1-konsulenten si tilråding er å ikkje gjere noko med denne strekninga ettersom berekningane viser negativ kost-nytte. Denne konklusjonen har ført til sterke reaksjonar både frå politikarar, næringsliv og einskildpersonar, med mange og til dels krasse avisoppslag, og forumet sende også brev til SD med krass kritikk av KS1-rapporten. I etterkant av dette har departementet sendt ei liste med spørsmål til avklaring i prosjektgruppa i Jernbaneverket. Spørsmåla blir tolka som eit forsøk på å finne enklare og billegare løysingar for denne strekninga.

Forumet har støtta opp om etableringa av «Arbeidsgruppe veg og bane - Voss», eit initiativ frå Næringslivet på Voss. Det er svært positivt at vi er i ferd med å få etablert sterke støttespelarar som også er internt organisert slik at det blir enklare å koordinere arbeidet.

Parallelt med dette har Statens vegvesen lagt fram aust-vest utgreiinga. Dei peikar på E134 og Hemse-dal som dei framtidige hovudsambanda mellom aust og vestlandet. Bergensbanen si rolle er svært dårleg belyst i utgreiinga. Det er ein viss uro knytt til moglege interessekonflikter mellom E16/Bergensbanen Arna-Voss og andre store infrastrukturtiltak på Vestlandet.

I diskusjonen i AU-møtet vart det trekt fram at Samferdselsministeren har vore på to vitjingar på Voss der han begge gongar har peikt på behovet for regionforstørring. Dette blir eit viktig poeng å ha med i det vidare arbeidet med E16/dobbelspor Arna-Voss. Mogelegheitsstudien som er igongsett vil bidra til å understøtte og forsterke dette argumentet. Det vart vidare trekt fram at ny E16/dobbelspor Arna-Voss er lagt inn som ein føresetnad i Aust-Vest utgreiinga. Begge desse momenta må brukast for alt det er verdt i det vidare arbeidet til forumet.

*Vedtak: AU stiller seg bak vurderingane og dei strategiske føringane dette gir.*

## **AU 05/15 Kommunikasjonsstrategi og handlingsplan dei nærmaste månadane**

Vedlagt handlingsplan er basert på vurderingane gjengitt under sak 03/15 og 04/15, og blir lagt fram for AU for innspel og ytterlegare konkretisering.

*Vedtak: Kommunikasjonsplanen vert oppdatert basert på innspel i møtet og skal vere styrande for forumets prioriteringar våren 2015.*

## **AU 06/15 Neste AU-møte**

*Vedtak: Neste AU-møte vert i Bergen. Tidspunkt vert tilpassa status for dei to største sakene våre: Ringeriksbanen og Arna-Voss.*

## **AU 07/15 Eventuelt**

Lars Olsen og Kjell Hansen informerte om møtet i Samferdselsdepartementet mellom ein delegasjon frå Ringerike/Buskerud og statssekretærene John-Ragnar Aarset og Bård Hoksrud 20.03.15. I møtet vart tema knytt til framdrift for Ringeriksbanen tatt opp. Ringeriksdelegasjonen var klare på forvent-

ningar om rask framdrift, tydelege vedtak og føringar frå politisk hald og ba departementet om å setje i gong dei prosessane som er moegelege på dette tidspunktet. Det kom ingen klare svar og tilbakemeldingar frå statssekretæranane som viste til KS1-gjennomgang og høyring. Innverknad på prosessane frå nytt vegselskap og jernbanereforma vart også tatt opp, men heller ikkje på dette punktet kom det klare tilbakemeldingar.